


ÅRSMELDING for 1988.



FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND

5430 BREMNES

TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLO KOMMUNE: Areal: 231 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 9.633
Kommunesenter: Bremnes.

ETNE KOMMUNE: Areal: 708 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 4.063
Kommunesenter: Etne.

FITJAR KOMMUNE: Areal: 155 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 3.086
Kommunesenter: Fitjar.

KVINNHHERAD KOMMUNE: Areal: 1.136 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 13.225
Kommunesenter: Rosendal.

STORD KOMMUNE: Areal: 140 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 14.443
Kommunesenter: Leirvik.

SVEIO KOMMUNE: Areal: 264 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.88: 4.619
Kommunesenter: Sveio.

ØLEN KOMMUNE: Areal: 184 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31. 88: 3.111
Kommunesenter: Ølen.



FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND

5430 BREMNES



ÅRSMELDING FOR 1988 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondansen
- 1.7. Fiskerinemnda
- 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Merkerregisteret
- 3.2. Konsesjoner

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Oppfiska kvantum/verde

6. Låne- og andre finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond

7. Tiltak/tiltaksplaner

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta
- 8.2. Fiskerinæringa.

9. Tilleggsmelding frå Havbrukskonsulenten

- 9.1. Fiskeoppdrett
- 9.2. Tiltaksarbeid

1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON.

1.1. Fiskeriretttleiarkontoret.

Sidan 1982 har Sone I i Hordaland omfatta fylgjande kommunar:

Bømlo
Fitjar
Stord
Kvinnherad
Ølen
Etne
Sveio

Nemninga for kontoret har sidan 1983 vore Fiskeriretttleiaren i Sunnhordland og kontorkommune har heile tida vore Bømlo, med adresse 5430 Bremnes. Kontorlokala som ligg i 2. etasje i Bremnes Elektro A/S sitt bygg er gode og tidhøvelege og kontoret er godt utstyrt med inventar og kontormaskinar. Arbeidstilhøva er gode.

1.2. Personalet.

Bemanninga på kontoret har vore som førre året: Fiskeriretttleiar og ein fast tilsett førstekontorfullmektig.

Også dette året har ein interkommunal Havbrukskonsulent vore knytt til kontoret. Havbrukskonsulenten dekkjer feltet havbruk i vidaste tyding i heile fiskeriretttleiardistriktet, og han arbeider ut eiga årsmelding som vert å finna som vedlegg til denne meldinga.

1.3. Korrespondansen.

Inngående brevjournal syner for 1988: 856 reg. I 1987: 774 reg.
Utgående - " - " " 1988: 624 " I 1987: 960 "

I desse tala er ikkje medteke brev skrivne for fiskarar, heller ikkje er medrekna ymse skjema utsende til fiskarar utan særskild fylgjeskriv så som skjema for opptak i manntalet, skademeldingsskjemaer, skjemaer for ymse lånesøknader osv. Ein skal og merkja at Havbrukskonsulenten fører eigen utgåande journal for sin korrespondanse og at den såleis ikkje er medteken her.

1.7. Fiskerinemder.

Sidan 1984 har det vore 5 fiskerinemder i regionen. Kommunane Bømlo, Sveio og Kvinnherad har egne nemder på 5 medlemmer kvar mens Stord og Fitjar har felles nemd med 6 medlemmer, 4 frå Fitjar og 2 frå Stord. Vidare har Ølen og Etne felles nemd med 3 medlemmer frå Ølen og 2 frå Etne.

1.7.a. Fiskerinemda i Bømlo.

1. Jostein Hellen, 5430 Bremnes, leiar.
Varamedlemer: 1. Harald Nøstbakken, 5440 Mosterhamn.
2. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.
3. Eli Anne Røksund, 5440 Mosterhamn.
2. Kristbjørg Kvanne, 5443 Bømlo, nestleiar.
Varamedlemer: 1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes.
2. Solfrid Lønning, 5443 Bømlo.
3. Otto Habbestad, 5430 Bremnes.
3. Gunnar Strand, 5443 Bømlo.
Varamedlemer: 1. Harald T. Nordtun, 5430 Bremnes.
2. Johan Torkelsen, 5427 Urangsvåg.
3. Endre Bærøy, 5437 Finnås.
4. Else Møgster, 5440 Mosterhamn.
Varamedlemer: 1. Sigmund Gåsland, 5427 Urangsvåg.
2. Ruth Berny Lønning, 5443 Bømlo
3. Lars Eidesvik, 5443 Bømlo.
5. Einar Krogsæter, 5430 Bremnes.
Varamedlemer: 1. Johannes Størksen, 5444 Espevær.
2. Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.
3. Leif Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.

1.7. b og c. Fiskerinemda i Fitjar/Stord.

1. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar, leiar.
Varamedlem: Anna Waage, 5423 Brandasund.
2. Einar Valland, 5400 Stord, nestleiar.
Varamedlem: Kurt Westerheim, 5410 Sagvåg.
3. Oskar Sørvik, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Norolf Hugøy, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Rasmus N. Fitjar, 5419 Fitjar.
5. Alf Martin Waage, 5423 Fitjar.
Varamedlem: Anna Røyrøy, 5419 Fitjar.
6. Magne W. Risvold, 5400 Stord.
Varamedlem: Nils Olav Føyen, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemda i Sveio.

1. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, leiar.
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
2. Ivan Jørpeland, 5523 Smørsund, nestleiar.
Varamedlem: Tone Nessa, 5520 Sveio.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.
Varamedlem: Egil N. Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Jostein Svendsbø, 5534 Valevåg.
Varamedlem: Agnes Lid, 5530 Førde i Sunnhordland.
5. Harald Storstein, 5523 Smørsund.
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.

1.7.e og f. Fiskerinemda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, leiar.
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Arne Nervik, 5590 Etne, nestleiar.
Varamedlem: Jørgen Lundal, 5598 Fjæra.
3. Anna Vaka, 5584 Bjoa.
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
4. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.
Varamedlem: Rakel Vaka, 5582 Ølensvåg.
5. Asgaut Ness, 5593 Skånevik.
Varamedlem: Erling Grindheim, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, leiar.
Varamedlem: Jonny Sjø, 5455 Halsnøy Kloster.
2. Hannemor Kristensen, 5455 Halsnøy Kloster, nestleiar.
Varamedlem: Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.
Varamedlem: Kjell Henning Sjø, 5454 Sæbøvik.
4. Valborg Miljeteig, 5457 Høylandsbygd.
Varamedlem: Christine Dekke, 5470 Rosendal.
5. Arne Legland, 5463 Uskedalen.
Varamedlem: Kjersti Bondhus, 5476 Mauranger.

1.8. Møteverksemda i fiskerinemdene.

Møtebøkene for dei ymse kommunane syner at der gjennom året har vore aktivitet på lag med førre året når det gjeld tal møter, tal saker handsama og medgått tid. Sett opp i tabellform tek dette seg ut som følgjer (tala for 1987 i parentes):

| <u>Fiskerinemda:</u> | <u>Tal møter:</u> | | <u>Saker handsama:</u> | | <u>Samla møtetid:</u> | |
|-----------------------|-------------------|------|------------------------|------|-----------------------|--------|
| 1.8.a. Bømlo | 4 | (4) | 29 | (26) | 15 timar | (17,5) |
| 1.8.b/c. Fitjar/Stord | 3 | (3) | 21 | (15) | 11 " | (8) |
| 1.8.d. Sveio | 2 | (2) | 8 | (8) | 4,5 " | (5) |
| 1.8.e/f Etne/Ølen | 3 | (5) | 21 | (24) | 7 " | (10,5) |
| 1.8.g. Kvinnherad | 3 | (3) | 11 | (13) | 7 " | (7) |
| Total | 15 | (17) | 90 | (86) | 44,5 timar | (48) |

1.9. Fiskerinemdssaker.

Ettersom budsjettet er vorte stramare både når det gjeld reiseutgifter og når det gjeld godtgjersle til nemdene, ser ein seg nøydd til å handsama fleire og fleire saker administrativt, for så å ta dei opp for endeleg godkjenning når nemda har møte. Møteprotokollane syner såleis ein auke av denne typen saker frå 44 i 1987 til 66 i 1988. Dei aller fleste av desse sakene har likevel vore diskuterte med leiar/nestleiar eller andre nemdsmedlemmer før avgjerd er teken.

Av dei viktigaste sakene som har vore handsama i året kan ein nemna:

- Fiskarmanntalssaker
- Garantikassesaker
- Saker vedrørende kaste/låsettingstader
- Søknader til Statens Fiskarbank
- Konsesjonssøknader i havbrukssektoren
- Uttale i samband med søknader om konsesjon for skjellsandgraving
- Uttale om ymse typar arealdisponering i strandsona, så som kaibygging, hyttebygging, kloakkutslepp osv. (Kfr. Dommersnes utb.)
- Uttale om legging av kablar (særleg fiberoptiske.)

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1. Fiskarmanntalet.

Tabellane nedafor syner tal fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntalsliste fiskarane står på. Blad B syner kor mange som har fiske som hoved- eller eineyrke, og Blad A syner dei som har fiske som attåtning, dei fleste på denne lista er likevel slike som er vortne pensjonerte medan dei var yrkesfiskarar.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 1 | 0 | 3 | 5 | 25 | 71 | 105 | 70,33 |
| | Blad B | 25 | 70 | 61 | 53 | 28 | 16 | 1 | 254 | 36,81 |
| | Totalt | 25 | 71 | 61 | 56 | 33 | 41 | 72 | 359 | 46,61 |
| 1988 | Blad A | 0 | 1 | 1 | 3 | 6 | 25 | 74 | 110 | 70,00 |
| | Blad B | 15 | 77 | 54 | 55 | 30 | 8 | 0 | 239 | 36,46 |
| | Totalt | 15 | 78 | 55 | 58 | 36 | 33 | 74 | 349 | 47,03 |

Som det går fram av tabellen har der vore ein nedgang i talet på fiskarar på Blad B på 15 i året, medan det har vorte 5 fleire på Blad A. Dei fleste av desse har gått over frå Blad B p.gr. av alder, det vil seia oppnådd pensjonsalder.

I siste 5-årsbolk (1984-88) har talet fiskarar gått ned med 21 på Blad B medan det har auka med 9 på Blad A. Dette gir ein prosentvis nedgang for hovedyrkesfiskarar på 8,1%, mens nedgangen på landsbasis i same perioden var på 3,4%. Dette høvestalet skulle gi grunn for ettertanke.

Tabell 2.1.b. Fitjar kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 7 | 16 | 24 | 70,41 |
| | Blad B | 0 | 8 | 7 | 6 | 7 | 1 | 0 | 29 | 40,70 |
| | Totalt | 0 | 8 | 8 | 6 | 7 | 8 | 16 | 53 | 53,86 |
| 1988 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 2 | 0 | 5 | 18 | 26 | 70,76 |
| | Blad B | 1 | 7 | 8 | 5 | 7 | 0 | 0 | 28 | 38,64 |
| | Totalt | 1 | 7 | 9 | 7 | 7 | 5 | 18 | 54 | 54,11 |

Også dette året har talet fiskarar gått attende i Fitjar kommune, men kommunen er framleis den tredje største fiskerikommunen i distriktet.

I siste femårsbolken (1984-88) har talet på fiskarar på Blad B gått attende med 10, ein nedgong på 26,3% mens nedgongen på landsbasis som nemnt ovafor var på 3,4% i same tidsromet. Talet fiskarar på blad A har i same perioden gått opp med 2.

Tabell 2.1.c. Stord kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 78,00 |
| | Blad B | 3 | 3 | 2 | 1 | 5 | 2 | 0 | 16 | 40,37 |
| | Totalt | 3 | 3 | 2 | 1 | 5 | 2 | 1 | 17 | 42,58 |
| 1988 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 55,50 |
| | Blad B | 1 | 5 | 2 | 1 | 5 | 2 | 0 | 16 | 41,37 |
| | Totalt | 1 | 5 | 3 | 1 | 5 | 2 | 1 | 18 | 42,94 |

Siste året viser ein stabil tendens for fiskarmanntalet for Stord kommune. Blad B har same talet som førre året, mens der er ein auke på 1 på Blad A.

I siste 5-årsbolken har talet på fiskarar på Blad B auka med 7, eller 77,7%, og utviklinga her syner ei utvikling som skil seg svært mykje ut frå dei andre kommunane i regionen, og landet ellers.

Tabell 2.1.d. Sveio kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 1 | 0 | 0 | 1 | 4 | 2 | 16 | 24 | 67,16 |
| | Blad B | 0 | 0 | 2 | 0 | 2 | 1 | 0 | 5 | 49,00 |
| | Totalt | 1 | 0 | 2 | 1 | 6 | 3 | 16 | 29 | 64,03 |
| 1988 | Blad A | 0 | 1 | 0 | 1 | 4 | 4 | 14 | 24 | 68,75 |
| | Blad B | 0 | 0 | 1 | 1 | 2 | 1 | 0 | 5 | 51,00 |
| | Totalt | 0 | 1 | 1 | 2 | 6 | 5 | 14 | 29 | 65,68 |

Manntalet for Sveio kommune syner inga endring frå året før. Totalt sett er der heller ikkje noko endring dei siste 5 åra, men talet fiskarar på Blad B har gått ned med 2, d.v.s. 28,7%.

Tabell 2.1.e. Etne kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 2 | 0 | 2 | 4 | 9 | 61,66 |
| | Blad B | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 2 | 51,00 |
| | Totalt | 0 | 0 | 1 | 3 | 1 | 2 | 4 | 11 | 59,72 |
| 1988 | Blad A | 0 | 0 | 2 | 1 | 0 | 1 | 5 | 9 | 61,66 |
| | Blad B | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 25,50 |
| | Totalt | 0 | 1 | 3 | 1 | 0 | 1 | 5 | 11 | 55,09 |

Heller ikkje for Etne kommune syner fiskarmanntalet noko endring siste året, men ein vil leggja merkje til at gjennomsnittsalderen for Blad B er gått ned til omlag det halve. Dette kjem av at eit par eldre fiskarar er gått over på Blad A mens eit par unge er kome til på Blad B. Heller ikkje i siste 5-årsbolke har der vore talmessige endringar i manntalet for denne kommunen.

Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | 70,66 |
| | Blad B | 0 | 2 | 0 | 0 | 2 | 3 | 0 | 7 | 50,20 |
| | Totalt | 0 | 2 | 0 | 0 | 2 | 4 | 2 | 10 | 56,30 |
| 1988 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | 71,66 |
| | Blad B | 0 | 1 | 0 | 0 | 2 | 2 | 1 | 6 | 55,83 |
| | Totalt | 0 | 1 | 0 | 0 | 2 | 3 | 3 | 9 | 61,11 |

Talet på fiskarar i Ølen er omlag det same som i Etne, men tilhøvet mellom fiskarar som har fiske som hovedyrke og dei som har det som biyrke er det motsette i dei to kommunane. I siste 5-årsbolken har det vore ein nedgang på 1 på Blad B i Ølen kommune (14,3%).

Tabell 2.1.g. Kvinnherad kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|-----------------|
| | | 15-19 | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-69 | 70-op | | |
| 1987 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 1 | 3 | 5 | 27 | 36 | 71,11 |
| | Blad B | 3 | 12 | 13 | 4 | 6 | 2 | 0 | 40 | 36,15 |
| | Totalt | 3 | 12 | 13 | 5 | 9 | 7 | 27 | 76 | 52,71 |
| 1988 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 5 | 27 | 34 | 74,70 |
| | Blad B | 0 | 14 | 16 | 4 | 6 | 3 | 0 | 43 | 37,55 |
| | Totalt | 0 | 14 | 16 | 4 | 8 | 8 | 27 | 77 | 53,96 |

Kvinnherad er framleis den nest største fiskerikommunen i regionen og har i året hatt ein auke i talet fiskarar på Blad B med 3 mens talet på Blad A har gått attende med 2. I 5-årsbolken 1984-88 har det i Kvinnherad vore ein nedgong på Blad B på 1, og dette svarar til berre 2,3%, og er altså mindre enn nedgongen på landsbasis. På Blad A har det i same perioden vore ein nedgong på 12.

For rettleiardiistriktet sett under eitt vil ein sjå at dersom ein summerar opp det som er nemnt i avsnitta frammaføre finn ein at det har vore ein samla nedgong på Blad B på 28 personar og på Blad A på 4. Dette svarar til 7,62% og 1,88% av dei tala ein hadde på dei to listene i 1984. Som ein vil sjå er dette ein nedgong for Blad B sitt vedkommande som er meir enn dobbelt så høg som det landsgjennomsnittet syner for same perioden.

Ser ein på aldersfordelinga for fiskarane i dei ymse kommunar er der ikkje stort å lesa seg til, men gjennomsnittsalderen er stort sett lågare for dei på Blad B i dei største fiskerikommunane. Ellers skal ein vera merksam på at ein ung fiskar som kjem til eller ein eldre som fell frå, eller omvendt, gjer urimeleg store utslag i gjennomsnittsalderen i dei små fiskerikommunane. Der har heller ikkje vore markante endringar i alderssamansetninga på manntalslistene, og dermed gjennomsnittsalderen, i dei siste 5 åra.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

I foredlingsleddet har ein diverre siste året hatt ein heller stor nedgong i sysselsettinga. Dette skuldast særleg at Norway Foods Ltd.A/S sin hermetikkfabrikk på Sunde vart nedlagd, og at ca. 60-70 arbeidsplassar, for det meste kvinnelege, dermed gjekk tapt. Det har vore lagt ned eit stort arbeid for å erstatta desse arbeidsplassane, men resultatet av dette kan ein vel først venta etter noko tid.

Hermetikkfabrikken i Skånevik har hatt vanleg drift også dette året, med 60-70 tilsette, og det same gjeld Ole Havn sitt anlegg for nedlegging av krabbe på Koløyholmen. Der har eit 20-tals personar, for det meste kvinner, hatt arbeid i sesongen. I Uskedalen har Brødrene Hjønnvåg sin fiskematproduksjon gått som tidlegare med omlag 10 tilsette.

Fiskemottaka i Espevær, Melingsvåg, Øklandsvåg og Brandasund har teke mot fisk omlag som tidlegare, men ein har eit inntrykk av at framtida for nokre av desse mottaka ikkje er så lyse når det gjeld det sysselsettingsmessige.

Arbeidet med å få i stand fiskemottak med fiskeforretning på Leirvik har halde fram. Ein hadde vona at anlegget skulle stått ferdig før nyttår, men opninga fann først stad utpå nyåret. Ein vonar at anlegget, som er vel tilrettelagt, vil verta til beste for både fiskarane som skal levera der og for publikum som skal kjøpa sin fisk der.

Det har også vore arbeid vidare med planane for fiskemottak med stor isproduksjon i Hovlandshagen på Bømlo, og arbeidet med kai og bygningar er kome godt igong. Mottaket som det har vore arbeid med å få i stand på Sydnes på Halsnøy har møtt eindel vanskar, og det kan ta tid før det er avklåra kva som kan setjast igong her.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Også dette året vil eiga melding verta utarbeid av Havbrukskonsulenten i Sunnhordland, og omtale av sysselsettinga i havbruksnæringa vil verta teken med i denne.

2.4. Avleia verksemd.

Forutan om fiskefarty, oppdrettsverksemd, mottaksstasjonar og slakte og pakkeverksemd for oppdrettsfisk fins det i regionen ei lang rekkje verksemd som har tilknytting til fiskeri- og oppdrettsnæringane, og ein skal her få nemna nokre av desse:

Bømlo kommune:

Wartsila Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.
 Rubb Industri, "
 Servogear A/S "
 Matre & Co., "
 Innvær Plast, "
 Båtutrustning A/S, "
 Halderaker & Sønner, Mælandsvågen, 5430 Bremnes
 Adnanes Skipsbyggeri, "
 Moster Industriservice A/S, 5440 Mosterhamn.
 Rolf E. Larsen, 5427 Urangsvåg.
 Bremnes Elektro A/S, 5430 Bremnes.
 Elektro Installasjon A/S, 5430 Bremnes.
 Johs. Mæhle, 5444 Espevær.
 Bømmeløy Mek. Verksted, 5443 Bømlo

Knut Kvernenes, Mek.Verksted, 5444 Espevær.
Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo.
Grindheimsvåg Slipp & Mek.Verksted, 5440 Mosterhamn.
Bømlo Construction Services A/S, 5440 Mosterhamn.

Fitjar kommune.

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S, 5419 Fitjar.
Fitjar Mek.Verksted A/S,
Vik og Sanvik A/S, 5419 Fitjar.
Knut Rydland, "
M.Dahl-Helland, "
Ole Havn, Koløyholmen, "
Andersen & Sønner, Dåfjord, 5419 Fitjar.
Johnsen Plastindustri, 5423 Brandasund.
Johnsen Slipp, "

Stord kommune.

A/S Seglneset Mek.Verksted, 5410 Sagvåg
Risnes & Sønner, "
Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord.
Sunnhordland Elektro A/S, 5400 Stord.
Oma Båtbyggeri, "
Leirvik Sveis A/S, "
Aqua Consult "

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S, 5457 Høylandsbygd.
Eidsvik Skippsbyggeri A/S, 5463 Uskedalen.
Th.Hellesøy Skipsbyggeri, 5474 Løfallstrand.
Skaaluren Skipsbyggeri, 5470 Rosendal.
Kvinnherad Sveis og Montering A/S, 5451 Valen.

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik.
Skånevik Mek.Verksted, "
Delta Plast A/S, "

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mek.Verksted, 5526 Auklandshamn.

Ølen kommune.

Ølens Skipsindustri A/S, 5582 Ølensvåg.

3. FISKEFLATEN.

3.1. Merkerregisteret.

I tabellane 3.1. a - g finn ein eit oversyn over merkerigistrerte fiskefarty i rettleiardiistriktet. Føringa av desse registera har vore som før, Bømlo og Fitjar ved rettleiarkontoret, dei andre av personar oppnemnde av Fiskeridirektoratet i dei ymse kommunane. Den saneringa av merkerregisteret ein hadde rekna med skulle finna stad dette året er ikkje kome skikkeleg i gong. Ei av årsakene til dette er at fiskermanntalet og merkerregisteret for fiskefarty er førde av forskjellige instansar. Ein reknar med at dette vil ordna seg i det komande året.

Ellers er å nemna at Skipskontrollen nå har teke til å kontrollera også farty under 10,67 m (35'). Dei fleste av desse fartya får då ganske omfattande pålegg, særleg med omsyn til utrustninga som går på sikkerheit. Ein stor del av dei eldre fiskarane (pensjonistar på Blad A) føretrekkjer då å stryka båtane sine i merkerregisteret for fiskefarty og heller melda dei inn i det vanlege registeret for motorbåtar som vert ført av politietaten. Ein reknar med at dette vil halda fram og at også dette vil vera med på å sanera merkerregisteret.

Tabell 3.1.a. Merkerregisterdata for 1988.

Bømlo kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|------------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 236 | 2 | 176 | 31 | 9 | 4 | 14 |
| Åvgong | 29 | - | 29 | - | - | - | - |
| Tilgong | 8 | - | 5 | 1 | 1 | 1 | - |
| Pr. 31/12 | 215 | 2 | 152 | 32 | 10 | 5 | 14 |
| Byggjeår: | | | | | | | |
| Før 1929 | 5 | - | 3 | 2 | - | - | - |
| 1930-39 | 8 | - | 4 | 3 | 1 | - | - |
| 1940-49 | 10 | - | 7 | 2 | - | - | 1 |
| 1950-59 | 29 | - | 18 | 4 | 3 | 2 | 2 |
| 1960-69 | 43 | - | 35 | 2 | 2 | 1 | 3 |
| 1970-79 | 60 | 1 | 41 | 6 | 3 | 1 | 8 |
| 1980-84 | 44 | 1 | 33 | 9 | 1 | - | - |
| Etter-85 | 11 | - | 7 | 3 | - | 1 | - |
| Ukjendt | 5 | - | 4 | 1 | - | - | - |
| Totalt | 215 | 2 | 152 | 32 | 10 | 5 | 14 |

Tabell 3.1.b. Merkerregisterdata for 1988.

Fitjar kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 62 | 3 | 50 | 9 | - | - | - |
| Åvgang | 0 | - | 0 | - | - | - | - |
| Tilgang | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 63 | 3 | 51 | 9 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 5 | - | 5 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 9 | - | 8 | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 23 | 2 | 20 | 1 | - | - | - |
| 1980-84 | 19 | 1 | 13 | 5 | - | - | - |
| Etter-85 | 2 | - | 1 | 1 | - | - | - |
| Ukjendt | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| Totalt | 63 | 3 | 51 | 9 | - | - | - |

Tabell 3.1.c. Merkerregisterdata for 1988.

Stord kommune..

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 8 | - | 7 | 1 | - | - | - |
| Åvgang | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Tilgang | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 7 | - | 6 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1950-59 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Etter-85 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Ukjendt | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Totalt | 7 | - | 6 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.d. Merkeregisterdata for 1988.

Sveio kommune .

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 53 | -- | 51 | 2 | -- | -- | -- |
| Avgang | 4 | -- | 3 | 1 | -- | -- | -- |
| Tilgang | 2 | -- | 2 | -- | -- | -- | -- |
| Pr. 31/12 | 51 | -- | 50 | 1 | -- | -- | -- |
| Byggeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| 1930-39 | 2 | -- | 2 | -- | -- | -- | -- |
| 1940-49 | 4 | -- | 3 | 1 | -- | -- | -- |
| 1950-59 | 12 | -- | 12 | -- | -- | -- | -- |
| 1960-69 | 10 | -- | 10 | -- | -- | -- | -- |
| 1970-79 | 7 | -- | 7 | -- | -- | -- | -- |
| 1980-84 | 8 | -- | 8 | -- | -- | -- | -- |
| Etter-85 | 2 | -- | 2 | -- | -- | -- | -- |
| Ukjendt | 6 | -- | 6 | -- | -- | -- | -- |
| Totalt | 51 | -- | 50 | 1 | -- | -- | -- |

Tabell 3.1.e. Merkeregisterdata for 1988.

Etne kommune. .

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 29 | 1 | 27 | 1 | -- | -- | -- |
| Avgang | 1 | -- | 1 | -- | -- | -- | -- |
| Tilgang | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Pr. 31/12 | 28 | 1 | 26 | 1 | -- | -- | -- |
| Byggeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| 1930-39 | 1 | -- | 1 | -- | -- | -- | -- |
| 1940-49 | 4 | -- | 4 | -- | -- | -- | -- |
| 1950-59 | 5 | -- | 5 | -- | -- | -- | -- |
| 1960-69 | 3 | -- | 3 | -- | -- | -- | -- |
| 1970-79 | 6 | 1 | 6 | -- | -- | -- | -- |
| 1980-84 | 1 | -- | -- | 1 | -- | -- | -- |
| Etter-85 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Ukjendt | 7 | -- | 7 | -- | -- | -- | -- |
| Totalt | 28 | 1 | 26 | 1 | -- | -- | -- |

Tabell 3.1.f. Merkerregisterdata for 1988.

Ølen kommune. .

| Tal | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| farty | | | | | | | |
| Pr. 1/1 | 23 | 1 | 18 | 4 | -- | -- | -- |
| Avgang | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Tilgang | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Pr. 31/12 | 23 | 1 | 18 | 4 | -- | -- | -- |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 1 | -- | -- | 1 | -- | -- | -- |
| 1930-39 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| 1940-49 | 3 | -- | 3 | -- | -- | -- | -- |
| 1950-59 | 9 | -- | 7 | 2 | -- | -- | -- |
| 1960-69 | 3 | -- | 2 | 1 | -- | -- | -- |
| 1970-79 | 5 | 1 | 4 | -- | -- | -- | -- |
| 1980-84 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Etter-85 | 0 | -- | -- | -- | -- | -- | -- |
| Ukjendt | 2 | -- | 2 | -- | -- | -- | -- |
| Totalt | 23 | 1 | 18 | 4 | -- | -- | -- |

Tabell 3.1.g. Merkerregisterdata for 1988.

Kvinnherad kommune.

| Tal | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| farty | | | | | | | |
| Pr. 1/1 | 85 | 1 | 67 | 10 | 4 | 3 | -- |
| Avgang | 3 | -- | -- | -- | -- | 1 | -- |
| Tilgang | 1 | -- | 2 | 1 | -- | -- | -- |
| Pr. 31/12 | 87 | 1 | 69 | 11 | 4 | 2 | -- |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 3 | -- | 1 | 1 | 1 | -- | -- |
| 1930-39 | 4 | -- | 1 | -- | 2 | 1 | -- |
| 1940-49 | 4 | -- | 4 | -- | -- | -- | -- |
| 1950-59 | 15 | -- | 11 | 2 | 1 | 1 | -- |
| 1960-69 | 13 | -- | 13 | -- | -- | -- | -- |
| 1970-79 | 21 | 1 | 17 | 3 | -- | -- | -- |
| 1980-84 | 14 | -- | 10 | 4 | -- | -- | -- |
| Etter-85 | 4 | -- | 3 | 1 | -- | -- | -- |
| Ukjendt | 9 | -- | 9 | -- | -- | -- | -- |
| Totalt | 87 | 1 | 69 | 11 | 4 | 2 | -- |

3.2. Konsesjonar.

I tabellen nedafør vil ein finna ei oversikt over dei konsesjonane i fiske som var haldne av fiskarar/farty frå Sunnhordland ved utgangen av 1988.

| Kommune | Nordsjø/ loddetrål | Ringnot | Brisling- registr. | Seinot | Drivgarn - laks |
|------------|-----------------------|---------|-----------------------|--------|--------------------|
| Bømlo | 16 * | 3 * | 13 | 1 * | 11 |
| Fitjar | 0 | 0 | 6 | 0 | 6 |
| Stord | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ølen | 0 | 0 | 7 | 0 | 0 |
| Etne | 0 | 0 | 8 | 0 | 0 |
| Kvinnherad | 0 | 0 | 31 | 0 | 0 |
| Sveig | 0 | 0 | 7 | 0 | 0 |
| Tilsaman | 16 | 3 | 72 | 1 | 17 |

Registreringane for brislingfiske omfattar både snurpenot- og landnotregistreringar. Ei stor del av desse bruka har ikkje vore i bruk i 1988. Postane merkt * syner til at det er eit og same farty som har konsesjon for alle desse fiskeria. 2 av ringnotfartya frå Bømlo har og konsesjon for kolmuletråling.

4. FOREDLINGSLEDDET.

4.1. Oppfiska kvantum / verdi.

Mønsteret når det gjeld levering av fisken som fiskarane i Sunnhordland fiskar er det same som det har vore i lange tider: Mest all fisken vert levert utanom fiskarane sin heimstadskommune.

Framleis vert ein del fisk leverte til dei lokale mottaka i Espevær, Melingsvåg, Øklandsvåg og Brandasund. Dette gjeld helst garn- og linefisk, men og ein del reker. Makrellmottaka i Øklandsvåg og Brandasund var i drift også dette året, men grunna svært dårleg drivgarnsfiske vart mottekne kvanta heller små.

Konsumfiskleveringane frå Nordsjøen til Bremnes Fryseri A/S var og mindre enn året før, og der var lite eller ikkje leveringar frå utalandske fiskarar.

Fiskarar frå regionen har levert fisk til så godt som alle dei salslag som ein har på kysten, men likeeins som førre året har det vore uråd å få dei statistikkar frå salslaga som ein har trong for for å setja opp dei tabellar som synleggjer nemde leveringar.

Også dette året vart det levert sild og makrell til Aust-Europeiske fabrikkskip som låg til ankers i Børøyfjorden. Storparten av kvantumet vart levert av farty heimehøyrande utafor regionen, og ein kjenner ikkje til storleiken på leveringane.

6. LANE- OG ANDRE FINANSKJELDER.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabell 1 gir ei oversikt av lånesøknader/tilsagn om lån frå fiskarar i regionen. Av kommentarane vil ein sjå at der ikkje er særleg skilnad frå året før, men ein vil og leggja merke til at der faktisk ikkje var ein einaste søknad om lån til nybygg. Ombygginga og moderniseringa av trålarflåten har imidlertid halde fram.

6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Også dette året fekk ei rekkje tiltak lån/stønad frå Distriktenes Utbyggingsfond. Fleire av desse var innom rettleiarkontoret for uttale, men dei fleste vart framsende gjennom dei kommunale tiltaks-kontora. Også dette året var dei fleste søknadene frå oppdrettsnæringa.

7. TILTAK/TILTAKSPLANAR.

Det meste av det tiltaksarbeidet som har vore drive frå rettleiar-kontoret har vore retta mot havbruksnæringa, og ein viser difor i denne samanhengen til eiga melding frå Havbrukskonsulenten i Sunnhordland. For rettleiarkontoret ellers går det meste av tida med til oppgåver innan forvaltning og administrasjon, og altfor lite kan såleis verta gjort når det gjeld tiltaksarbeid. Medverkande til dette er jo og at rettleiardistriktet femner over altfor mange kommunar, og at kvar av kommunane har eigne tiltakskontor.

8. SUMMERING.

8.1. Rettleiingstenesta.

Som det går fram av kapittel 1 i denne meldinga har aktiviteten i Rettleiingstenesta v/fiskerinemdene og fiskerirettleiar vore omlag på same nivå som året før.

I stikkords form kan ein nemna ulike slag saker som har vore handsama og oppfylgde:

- Låne- og tilskotssøknader til Statens Fiskarbank
- Konesjonssøknader innan havbruk
- Garantikassesaker
- Prioriteringssaker for fiskerihamneutbygginga
- Merkerregistersaker
- Fiskarmanntalssaker
- Budsjettneemdssaker
- Uttale om reguleringssaker
- Uttale til ymse framlegg frå komitear og utval

8.2. Fiskerinæringa.

Dei større fartya i ringnotflåten som og driv kolmuletråling hadde eit brukbart år i 1988. Noko betre kvotar enn tidlegare av sild og makrell var med på å betra resultatet, men med dei store kostnadene det er i dette fisket, ikkje minst på kapitalsida, er tilværet for desse fartya litt av eit sjangsespel. Loddefisket er framleis stengt på dei tradisjonelle felta, men dei fleste fartya har kunna ta ei last i Islandsk/Norsk sone ved Jan Mayen. Overskotet frå desse turane er likevel normalt minimale.

Nordsjøtrålarane hadde eit vanskelagere år i 1988 enn året før. Særleg galddt dette dei som satsa på reint konsumfiske. Dei større fartya som også dreiv industritråling berga stort sett eit brukbart år på tobisfisket, medan eindel av dei eldre og mindre fartya er komne i vanskar. For eit par av desse fartya enda det opp med tvangsauksjon i året som gjekk. Ein har likevel intrykk av at distriktet her har kome stort sett betre ut når det gjeld denne fartygruppa enn distrikta sørafor.

Det kan vel seiast at det framleis vert satsa friskt på dette fisket, noko som dei store investeringane til ombygging/modernisering skulle syna.

Den reine kystfiskeflåten slit vel framleis med dei største vanskane. Av BUDSJETTNEMDA FOR FISKERINÆRINGA si siste lønsemd-gransking for denne fartygruppa (året 1987) går det fram at fartya frå Hordaland og Rogaland kjem svært dårleg ut. Lønsevna for farty frå denne landsdelen var mellom dei lågaste i landet, og arbeidsgodtgjersle pr. årsverk var langt under eksistensminimum. Årsakene til dette er fleire, men hovudårsaka er ressurssvikt, særleg når det gjeld pale. Ei anna årsak er avtaksvanskar. Som døme på dette kan nemnast at brislingfiske vart stoppa mesteparten av sesongen av denne grunn. Tilsaman var dette fiske ope berre 6-7 dagar, og dersom ein ikkje fekk fangst i desse korte periodane var det berre å liggja og venta på neste opning av fisket.

Flåten av små reketrålarar på kysten og dei nære farvatn hadde eit jamnt over brukbart år. Imidlertid har dei eit stort problem med at det lett kan verta formykje bifangstar av fisk saman med reka. Då dei fleste ikkje har konsesjon for nordsjøtråling har dei derfor strengt teke ikkje lov å levera denne fisken, å dumpa den er sjøvsagt heller ikkje lovleg. Ein skal derfor ikkje undrast over at denne gruppa fiskarar føler det djupt urettvist at dei mykje større fartya med nordsjøtrålkonsesjon fritt kan fiska etter reke utan omsyn til innblanding av fisk.

Også dette året har ein hatt ei rekkje krav om erstatning for skade på fiskereidskap på grunn av oljeverksemda, men ein har eit inntrykk av at det minkar med slike skadar. Talet på krav siste året var ca. 20 mot ca. 30 året før. Dei fleste krava vart støtta og reglane for erstatning var dei same som tidlegare år.

Fiskerivikarordninga som ein hadde fått innført i Bømlo, og som var godt omtykt av fiskarane, vart diverre avvikla i 1988. Hovedårsaka til dette var at kommunen ikkje fann å kunna garantera for den dela av løna til vikaren som ikkje måtte verta dekkja av den luten han fekk frå dei fartya han vikarierte på.

Avviklinga av ordninga etter så kort tid er beklageleg, særleg når ein veit at fleire andre kommunar i landet såg med interesse på prøveordninga, og gjerne ville bruka den som modell for eigne ordningar dersom den verka etter føremålet i Bømlo.

Bruken av sjøareal og saker som vedkjem havbruk har også dette året vore svært viktige arbeidsfelt for rettleiarkontoret. Det meste av arbeidet med dette har vore utført av Havbrukskonsulenten i Sunnhordland, og ein viser til eiga årsmelding utarbeidd av han. Meldinga fylgjer som ein del av denne meldinga. Diverre ser det ut til at ordninga med eigen havbrukskonsulent for Sunnhordland ikkje vil verta oppretthalden. Dersom det vert røyndom at stillinga vert inndregen og prøveordninga avvikla, ser ein det som eit stort steg attende med omsyn til den service som rettleiingstenesta kan yta ovafor dei mange som driv havbruk i ei eller anna form i distriktet.

Bremnes, august 1989.



Ragnvald Innvær
Fiskerirettleiar.

Tabell 1. STATENS FISKARBANK. Låneverksemda i Sunnhordland 1988.

BØMLO KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|-----------------------|-----------|-----------|------------|-------------|
| Lån til brukt farty | 3 | 2 | 1.774.250 | 574.760 |
| " " reidskap | 3 | 1 | 372.000 | 50.000 |
| " " ombygn./ny motor | 6 | 5 | 15.695.000 | 8.892.000 |
| Likviditetsslån | 2 | 1 | 137.000 | 40.000 |
| Tilskot til økotiltak | 4 | 4 | 85.760 | 50.500 |
| " " arb.miljøtiltk. | 3 | 2 | 147.550 | 57.550 |
| " " condemnering | 1 | 1 | 240.000 | 240.000 * |
| Sum | 22 | 16 | 18.451.560 | 9.904.810 |

*Ikkje nytta innan fristen gjekk ut.

KVINNHERAD KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|--------------------------|-----------|-----------|------------|-------------|
| Likviditetsslån | 2 | 0 | 535.850 | 0 |
| Tilskot til condemnering | 2 | 2 | 805.000 | 805.000 |
| Sum | 22 | 16 | 18.451.560 | 9.904.810 |

Frå kommunane Etne, Stord og Fitjar var der ingen søknader i 1988.

Frå Ølen var der ein søknad om lån til brukt farty, og ein søknad om condemneringstilskot, begge vart stetta.

Frå Sveio var der ein søknad om lån til brukt farty, som vart stetta.

Samanliknar ein med 1987 får ein fylgjande resultat:

| År: | Samla tal søknader: | Søknadssum: | Tilsagnsum: | % - tilsagn: |
|-------|---------------------|---------------|---------------|--------------|
| 1987: | 22 | kr.33,2 mill. | kr.18,0 mill. | 54,23 |
| 1988: | 29 | " 20,6 " | " 11,4 " | 55,37 |

I tillegg til lånetilsagna vart det i året gitt 4 tilsagn om rentestøtte til større ombygningsprosjekter, alle til Bømlo, samla sum kr.10.9 mill.

HAVBRUK 1988:

Tabell 1: Matfiskanlegg.

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | KV.HERAD | SVEIO | TOTALT |
|--------------------------------------|-------|-------|--------|----------|-------|--------|
| MATFISKANLEGG | 10 | 3 | 5 | 1 | 4 | 23 |
| SMOLT UTSETT (1000 STK) | 1309 | 375 | 452 | 110 | 339 | 2585 |
| FISK TEKEN OPP (TONN) | 2118 | 420 | 862 | 242 | 526 | 4168 |
| VERDI FISK TEKEN OPP (1000 KR) | 72770 | 14500 | 21100 | 8000 | 16440 | 132810 |
| INVESTERT I ÅRET (1000 KR) | 12650 | 2600 | 4000 | 2250 | 5515 | 27015 |
| FAST TILSETTE | | | | | | |
| MENN | 36 | 7 | 11 | 2 | 11 | 67 |
| KVINNER | 2 | | 1 | | 1 | 4 |
| DELTIDSTILSETTE | | | | | | |
| MENN | 12 | 5 | 5 | 1 | 1 | 24 |
| KVINNER | 6 | 1 | 4 | 1 | 2 | 14 |

Totalt var det 23 matfiskkonsesjonar i Sunnhordland. Dette er ein auke på 1 anlegg frå året før. Det flytta 1 anlegg til Sveio kommune.

PRODUKSJON:


Dette året var det ein svært stor auke i produksjonen. Produksjonen auka med omlag 1.700 tonn samanlikna med året før og kom nesten opp i 4.200 tonn.

Talet på utsett smolt hadde auka med 1 mill stk smolt til 2,6 mill stk. Dette indikerer ein kraftig auke i produksjonen. For åra 1989 og -90 kan det verta ein årsproduksjon på mellom 5- og 6000 tonn. Sjukdom og mindre utsetting av smolt i 1989 kan endra dette bilete.

VERDI:

Snittprisen pr kg/laks har vist ein kraftig nedgong. Frå omlag kr 36,50/kg til omlag kr 31,90/kg. Kravet til oppdrettarane er blitt ytterlegare skjerpa og det er blitt vanskelegare å oppnå lønnsam drift. For 1988 representerte produksjonen ein verdi på omlag 133 mill kr.

FIG 1: PRODUSERT MATFISK
(TONN)



Tabell 2: SETJEFISK.

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | K.HERAD | STORD | SVEIO | ØLEN | TOTALT |
|--------------------------------------|-------|------|--------|---------|-------|-------|------|--------|
| KLEKKERI-/ SETJEFISKANLEGG: | 6 | 3 | 3 | 8 | 3 | 5 | 1 | 30 |
| LITER ROGN KLEKT | 989 | 87 | 900 | 950 | 200 | 693 | 350 | 4169 |
| SMOLT PROD. (1000 STK) | 2025 | 60 | 1000 | 2350 | 641 | 1827 | 500 | 7404 |
| VERDI AV PROD. SMOLT (1000 KR) | 32400 | 750 | 14000 | 32800 | 8275 | 23850 | 8500 | 120575 |
| INVEST. I ÅRET (1000 KR) | 5350 | | 900 | 3425 | 1020 | 1234 | 975 | 12904 |
| FAST TILSETTE MENN | 17 | 1 | 4 | 19 | 4 | 8 | 2 | 55 |
| KVINNER | 3 | | 2 | 5 | 1 | 3 | 2 | 16 |
| DELTIDSTILSETTE MENN | 4 | | 1 | 2 | 4 | 1 | 1 | 13 |
| KVINNER | 12 | | | 6 | 2 | | | 20 |

I 1988 var det 2 anlegg som måtte avslutta drifta på grunn av økonomiske vanskar. Det har ikkje blitt noko avklaring med nye eigarar av desse anlegga.

PRODUKSJON:

Det vart klekka noko mindre rogn dette året enn året før. Derimot er det blitt produsert langt meir smolt i dette året enn tidlegare. Etter dei oppgjevne tala var det i 1987 til 1988 ein auke på omlag 2 mill stk. smolt frå 6,5 mill stk. til 8,4 mill stk.

VERDI:

Snittprisen på smolt har dei siste åra vore fallande. For dette året har det i statistikken vist ein oppgang, men dette må skuldast at dataene ikkje er heilt korrekte.

For 1987 var snittprisen på under 13 kr, mens dei for 1988 ligg over 14 kr. Dette kan skuldast for høge oppgjevne verdiar eller får små tal på det som faktisk vart produsert.

Verdien av produsert smolt auka frå omlag 80 mill kr i 1987 til omlag 120 mill kr. i 1988.




FIG 2: PRODUSERT SMOLT
(1000 STK)

TABELL 3: SLAKTE-/PAKKEANLEGG

| | BØMLO | FITJAR | TOTALT |
|--|-------|--------|--------|
| SLAKTE-/ PAKKEANLEGG | 4 | 1 | 5 |
| MENGDE MOTTEKEN FOR PAKKING/SLAKTING I ÅRET (TONN) | 2130 | 1002 | 3132 |
| INVESTERINGAR I ÅRET (1000 KR) | 100 | 400 | 500 |
| FAST TILSETTE MENN | 5 | 3 | 8 |
| KVINNER DELTIDSTILSETTE MENN | 13 | 3 | 16 |
| KVINNER | 34 | 9 | 43 |

Frå året 1987 til 1988 har det skjedd ei nær dobling av mengden fisk som er blitt slakta/pakka ved desse anlegga. Anlegget i Fitjar kom dette året i full produksjon.

Fortsat er det ein stor del av den produserte fisken som vert slakta i anlegg utanfor regionen. I 1988 vart det slakta vel 1000 tonn utanfor regionen.

Sjølv om det er ledig kapasitet i dei eksisterande anlegga, vil dei planlagde anlegga i Kvinnherad og Etne kunna fange opp noko av denne produksjonen når dei startar opp produksjonen sin i 1988. Geografiske forhold, pris, kostnad og transport-/sjukdomsomsyn vil få stor betydning for val av mottak.

TABELL 4: SAMLA VERKSEMD SETJEFISKANLEGG OG MATFISKANLEGG

| | |
|-------------------|---------------|
| VERKSEMDER | 53 |
| UTSETT SMOLT | 2,6 MILL STK |
| PRODUSERT SMOLT | 8,4 MILL STK |
| PRODUSERT MATFISK | 4,2 TONN |
| INVESTERINGAR | 39,9 MILL KR |
| OMSETNAD | 253,4 MILL KR |
| FAST TILSETTE | |
| MENN | 122 |
| KVINNER | 20 |
| DELTIDSTILSETTE | |
| MENN | 37 |
| KVINNER | 34 |

1988 var eit godt år med omlag 46 % auke i omsetnaden frå året før.


Samanlikna med i fjor er kvantumet av fisk som er teken opp auka med nær 70 %. Produksjonen av smolt er auka med 27 % frå året før, men eg meiner auken har vore større etter det som er nemnt tidlegare under tabell 2.

Investeringane for setjefisk- og matfiskanlegga har minka med 23% i forhold til året før. Dette skuldast ein sterk nedgong i investeringane i setjefiskanlegga. Det har vore ein auke i investeringane i matfiskanlegga. (sjå fig 7).

Omlag 86 % av dei fast tilsette (heiltidstilsette) er menn, mens fordelinga på deltidstilsette er nokolunde lik. Det er 70% fleire deltidstilsette kvinner enn faste tilsette. Tek ein med tilsette på slakte pakkeanlegga viser tabell 4 at det er ingen faste tilsette kvinner, men fleire deltidstilsette kvinner enn menn.

Dette syner at det er flest heiltidstilsette menn, medan kvinner har høgast andel deltidstilsette. Innanfor setjefiskanlegg har det vore ein liten auke av heiltidstilsette kvinner.

FIG 3: TILSETTE



UTVIKLINGSTREKK I HAVBRUKSNÆRINGA FRÅ 1985 - 1988

PRODUSERT MATFISK: (FIG 4)

Frå 1985 til 1988 har årsproduksjonen av matfisk auka frå omlag 1500 tonn til 4200 tonn. I 1985 vart det gitt 1 konsesjon og i 1987 5 reetableringskonsesjonar. I tillegg har nokre anlegg flytta i perioden og fått utvida konsesjonane sine. Dette forklarar ein del av auken i produksjonen, men ein del anlegg har og sett ut fleire smolt i anlegga sine for å auka årsproduksjonen. Prisane pr. kg produsert fisk har gått kraftig ned i 1988. (fig 8)

PRODUSERT SMOLT: (FIG 5)

Frå 1985 til 1988 har årsproduksjonen av smolt auka frå omlag 3,1 mill stk. til 8,4 mill stk. I dette tidsrommet er det komen mange nye anlegg som forklarar den sterke produksjonsauken. Prisane på smolt har vore høge, men har gått kraftig ned. (fig 8)

SLAKTING/PAKKING: (FIG 6)

I 1988 var det 5 slakte- og pakkeanlegg. Desse anlegga skulle kunna ha kapasitet til å slakte det produserte kvantumet. Det har alltid vore ein god del av fisken som er blitt slakta-/pakka i andre område. Dette på grunn av avstand, sjukdomsomsyn osv. For 1988 er kvantumet slakta-/pakka fisk komen opp i omlag 3100 tonn medan det vart produsert omlag 4200 tonn.

INVESTERINGAR: (FIG 7)

Det var optimisme og høge investeringar innanfor setjefisknæringa i 1986 og 1987. Dette var dei nye anlegga som starta opp og det er naturleg at etter desse åra har investeringane gått ned. I tillegg har prognosane om overproduksjon hatt stor betydning. For matfiskanlegga har investeringane vore jamn for desse åra med ein auke for 1988.

SKALDYR

I 1987 vart mange som hadde skaldyrkonsesjon stroken utor konsesjonsregisteret. Denne utviklinga har halde fram og det er etter dette igjen 19 skaldyrkonsesjonar i regionen.

Det er heller ikkje for dette året sendt inn informasjon om produksjonen, men ein kan antyda at den er lik det ein hadde for 1987. Det vart produsert omlag 300 tonn blåskjell og omlag 250.000 stk. østers.

Skaldyrmottaket som har vore planlagt i lengre tid, synest å bli vanskeleg å få realisert. (I 1989 vart DU-søknaden avslegen) Dette vil få betydning for vidare satsing innanfor skaldyrnæringa.

MARINE ARTAR

I året 1988 vart det tildelt 6 nye konsesjonar for oppdrett av marine artar slik at ein totalt kamm op i 11 konsesjonar i regionen.

Sea Farm fekk konsesjon på produksjon av 2 mill stk marin yngel i Haapollen, Fitjar. Denne etableringa vil kunna få stor betydning for oppdrett av marine artar i Sunnhordland.

Det var heller ikkje dette året nokon særleg produksjon og det skuldast tilgangen på yngel.

F164: PRODUSERT MATFISK 1985 - 1988
(TONN)




FIG. 5: PRODUSER T SMOLT 1985 - 1988
(1000 STK)




FIG 6: SLAKTING/PAKKING 1985 - 1988
(TONN)




FIG 2: INVESTERINGAR 1985 - 1988
(1000 KR)





FIG 8: PRISAR 1985 - 1988

KR



KURSVERKSEMD/INFORMASJONSARBEID

I 1988 vart den tredje akvakulturkonferansen i regi av Samarbeidsrådet frå Sunnhordland arrangert på Stord.

Havbrukskonsulenten i Sunnhordland var leiar av konferansekomiteen.

Konferansekomite:

Inger Karin Nerheim. Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Lilliann Andreassen. Hordaland Næringssservice.
Bjarte Tveranger. Fiskerisjefen i Hordaland
Finn Wetteland. Austevoll Næringssservice
Ingvar Huse. Akvakulturstasjonen i Austevoll
Asbjørn Stavland. Havbrukskonsulent i Sunnhordland

Tema for konferansen var MARKNAD OG MILJØ.

KVALITETSSTYRING.

Etter initiativ frå Samarbeidsrådet og Havbrukskonsulenten starta dette prosjektet opp i 1987 med forprosjektering og hovudprosjektet kom i gang i 1988. Etter planen vil hovudprosjektet avsluttast i løpet av 1989.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland var ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet med Hordaland Næringssservice og EB - Consultants som ansvarlege konsulentar.

Havbrukskonsulenten deltok på oppstartinga av hovudprosjektet.

TIKLTAKSARBEID:

Etter initiativ frå Havbrukskonsulenten og Samarbeidsrådet, kom det i 1987 igang eit forprosjekt for å få til ei etablering av eit regionalt selskap for produksjon av marin yngel. Selskapet vart skipa i 1988 med 12 deltakarar og ein akksjekapital på 300.000 kr.

Aksjeselskapet fekk namnet Sunnhordland Marin Yngelproduksjon og vart etablert i Bømlo kommune.

Finn Wetteland, Austevoll Næringssservice var konsulent for forprosjektet og vart samtidig valt til styreformann i selskapet.


Asbjørn Stavland.

Bremnes oktober.

